

Stryn Bedriftsbarnehage AS
Vikavegen 2
6783 Stryn

Stryn 03.01.08

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

Merknadar til høyringsnotat om endringar i barnehagelova

Stryn Bedriftsbarnehage er ein privat barnehage med 2 ½ avdeling og 10 tilsette. Barnehagen blir driven som eit aksjeselskap.
Barnehagen vart starta opp i 1992, og fram til 1997 greidde barnehagen seg utan kommunalt tilskot. Etter vanskelege forhandlingar med kommunen greidde styret i 1998 å framforhandle ein driftsavtale med kommunen som sikra barnehagen driftstilskot med bakgrunn i barnehagens rekneskaps tall frå sist år + budsjett tall for det komande året.

Då det kom endringar i fordelingsnøkkelen på statstilskot der dei private barnehagane fekk meir enn dei kommunale vart det kommunale tilskotet stroke, og Stryn Bedriftsbarnehage mottok ikkje driftstilskot dette året. Når staten auka sin del, reduserte kommunen sin del tilsvarande. Dette sjølv om formålet med auken i tilskotet til dei private var for å kompensere for at kommunen har gitt mindre tilskot til private barnehagar enn til kommunale barnehagar. Frå administrasjonen si side vart det uttalt gjennom saksutgreiing at dei rekna med at det i 2003 var siste året dei private barnehagane kom til å søkje om kommunalt tilskot.

Det som faktisk ”redda” oss var innføringa av skjønnsmidlar i 2004, og lovparagrafen om likebehandling av private og kommunale barnehagar.

På grunnlag av lovendringane fekk vi i stand ei avtale der kommunalt tilskot vart rekna ut i frå at det vart gjeve same offentleg tilskot per oppholdstime til Stryn Bedriftsbarnehage som til dei kommunale barnehagane.

Stryn Bedriftsbarnehage har vore heldige at det i Stryn kommune har vore politikarar som til no har sikra barnehagen 100 dekning av kommunalt tilskot og ikkje 85 % som lova seier.

Denne historikken fortel vi fordi den forklarar kvifor vi er bekymra for framtida til Stryn Bedriftsbarnehage. Dersom lovparagrafen om likebehandling av private og kommunale barnehagar forsvinn vil det frå store konsekvensar for oss.

Forklaringa er enkel;

Stryn Bedriftsbarnehage får kommunalt tilskot i dag fordi det er ein lovparagraf som seier det.

Stryn Bedriftsbarnehage er i mot rammefinasiering av det statlege driftstilskotet.

Dei fleste forsøksordningar har vist at rammeoverføring av statlege midlar direkte til kommunene har slått negativt ut for dei private barnehagane. Private barnehagar er private bedrifter som treng forutsigbarhet for å drive økonomisk forsvarleg. Øyremarking av midlar er det einaste som kan sikre private barnehagar forutsigbar drift.

Kvifor reagerer ikkje dei kommunale barnehagane på forslaget til ny barnehagelov ?

Innføringa av rammefinansiering vil også få konsekvensar for dei kommunale barnehagane. At kommunene stort sett er positive til rammefinansiering er lett å forstå. Det er store økonomiske midlar som kvart år blir ”pøst” inn i sektoren, og at midlane no vil komme som ein stor pott til kommunen utan det er øyremerka ei einaste krone er svært betenkeleg. For Stryn kommune som etter kvart har pådratt seg ei relativ stor lånegjeld og har ein svært pressa kommune økonomi, vil dette få store konsekvensar også for dei kommunale barnehagane når midlane skal fordelast. ”Når krubba er tom bitast hestane”.

Stryn Bedriftsbarnehage ber om at departementet hører på dei private barnehagane ved å;

- 1) Hald fast på ordninga med øyremerka driftstilskot til barnehagane.**
- 2) Det må vere likebehandling av private og kommunale barnehagar Dette må skje gjennom lov regulering.**
- 3) Vi ber også om at det blir lagt vekt på at dei kommunale barnehagane må dokumentere sine rekneskaps tall på same måte som dei private barnehagane må dokumentere si drift gjennom innsending av rekneskap for ikkje kommunale barnehagar.**

Med venleg helsing

Stryn Bedriftsbarnehage AS

Evy Mariann Rossetvik

- dagleg leiar -